

Orientering til deg som søker om parkeringskort

Vi ber deg om å lese orienteringa, før utfylling av søknaden

Du kan få parkeringskort som bilfører **eller** som passasjer.

Parkeringskortet er gyldig i 2-5 år.

Når parkeringskortet ditt har gått ut på dato, må du søke på nytt.

Parkeringskort for bilfører:

To vilkår må vere oppfylt for å få parkeringskort som bilfører:

1. Du kan ikkje gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Ei legeerklæring **skal** dokumentere dette. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.
2. Du må ha **eit særleg behov** for å kunne parkere nær bustad, arbeid og/eller anna aktivitet. I søknaden din må du få fram opplysningar som tilseier at du har **eit særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker.

Parkeringskort for passasjer:

Tre vilkår må vere oppfylt for å få parkeringskort som passasjer:

1. Du kan ikkje gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Ei legeerklæring **skal** dokumentere dette. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.
2. Du må ha **eit særleg behov** for å kunne parkere nær bustad, arbeid og/eller anna aktivitet. I søknaden din må du få fram opplysningar som tilseier at du har **eit særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker.
3. Du må ha behov for tilsyn/regelmessig hjelp av bilfører utanfor bilen. Legeerklæringa **skal** dokumentere dette.

Det er når du treng hjelp til forflytning eller at du ikkje kan etterlatast åleine (for eksempel på venterommet) medan bilfører parkerer bilen, at du får tildelt parkeringskort som passasjer.

Som passasjer kan du nytte deg av eit kort stopp for av- og påstigning på parkeringsplass reservert for forflytningshemma, og på stader med parkering forbode. Det er ikkje naudsynt med parkeringskort for å gjere dette.

Din søknad:

I søknaden må **du** få fram opplysningar som tilseier at du har eit **særleg behov** for parkeringslette. Det vil seie at **du må beskrive** kvifor du ikkje kan nytte parkeringsplassane på stadene du ofte besøker. I søknadsskjemaet er det tatt med ulike forhold vi treng svar på.

Vi oppmodar deg til å fylle ut skjemaet nøye, slik at vi får eit godt grunnlag for å vurdere behovet ditt. Bruk gjerne baksida av arket, dersom det ikkje er nok plass i skjemaet.

Saman med søknaden må du levere:

- **Legeerklæring:** Legeerklæringa **skal** vere godt utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose, om du nyttar hjelpemiddel, samt kor mange meter du eventuelt kan gå med og utan hjelpemiddel. Den skal dokumentere at du ikkje kan gå, eller har store vanskar med å bevege deg over ei viss lengde. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

Ved søknad som passasjer, må det gå fram av legeerklæringa at du har behov for tilsyn/regelmessig hjelp av bilfører utanfor køyretøyet.

- Bilete i passfoto storleik (kan takast med mobil)
- Kopi av gyldig førarkort (dersom du søker som bilfører)

Søknaden vert ikkje handsama før all dokumentasjon er motteken



Søknad om parkeringsløyve for forflytningshemma (parkeringskort)

Om søkeren		
Namn:		Personnummer (11 siffer):
Adresse:		Postnummer/-stad:
Telefon:		
Er du: ☐ Bilfører eller ☐ Passasjer		Nyttar du hjelpemiddel? ☐ Ja ☐ Nei
Dersom ja, kva? ☐ Rullestol ☐ Rullator ☐ Krykker ☐ Stokk ☐ Andre _____		
Ev. kor langt kan du forflytte deg med hjelpemiddel? _____	Ev. kor langt kan du forflytte deg utan hjelpemiddel? _____	Søknaden vert sendt inn av: ☐ Søkeren sjølv ☐ Verje/føresett/andre
Dersom du søker som passasjer (Bruk gjerne baksida av arket): Har du behov for tilsyn/regelmessig hjelp av bilfører utanfor køyretøyet? Forklar: (Dette må komme fram i legeerklæringa også)		

Verje/føresett	
Namn:	Telefon:
Adresse:	Postnummer/-stad:
Tilknytning til søkar:	

Om søknaden		
Har du parkeringskort frå før? ☐ Ja ☐ Nei Kva utløpsdato har kortet? _____		
Nyttar du bil med rullestolheis/-skinner? ☐ Ja ☐ Nei		
Dersom ja, oppgje bilens regnr. _____		
Kor har du behov for å nytte parkeringskortet (stader du har problem med å parkere), og kor ofte?		
Behov (bustad, arbeid, skule, lege, behandlingsstad og liknande):	Adresse:	Antall gongar per år/månad/veke:



Grunngjeving

Forklar grundig, kvifor du har eit særleg behov for parkeringsløyve:

(Vi oppmodar deg til å fylle ut skjemaet nøye, slik at vi får eit godt grunnlag for å vurdere behovet ditt. Bruk gjerne baksida av arket)

1. Kva problem opplev du, når du beveger deg?

2. Kvifor kan ikkje du nytte dei ordinære parkeringsplassane på stadene du ofte besøker?



Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon må leggjast ved:

- ☐ Legeerklæring (ikkje eldre enn 6 månadar)
- ☐ Bilete i passfoto storleik (kan takast med mobil)
- ☐ Kopi av gyldig førarkort (dersom du søker som bilfører)

Søknaden vert ikkje handsama før all dokumentasjon er motteken

Signatur av søker/verje/føresett

Stad:

Underskrift:

Dato:

Søknaden må signerast av søker sjølv eller oppnemnt verje. Er søker under 18 år skal søknad signerast av ein føresett.

Ved bruk av fullmektig, som ikkje er advokat, må gyldig fullmakt leggjast ved.

Søknad med vedlegg sendast til:

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen